

Ein analyse av framstillinga av buddhisme i «Under samme himmel» for 8 trinn
(1997) og «Store spørsmål» for 9.trinn (2016).

Knut Heggheim Lee

Kandidatnummer: 10023

MGLU3512

Vår 2021

Rettleiar: Jean Bergane

Forord

Eg vil takke min kjære rettleiar konstruktive og gode tilbakemeldingar gjennom heile prosessen med å skrive denne FOUen.

Abstrakt

I denne oppgåva har eg sett på to lærebøker for ungdomstrinnet og analysert desse. Den eine er frå læreplanen av L97 (8.trinn) og den andre frå LK06 (9.trinn). Teorien eg har nytta meg av er sosial konstruktivistisk teori, andregjering, orientalisme, fagkunnskap om buddhismen og læreplanen for dei to ulike periodane. I metode tar eg for meg kvifor eg har valt dei bøkene eg har valt, og at eg skal analysere bøkene gjennom å sjå på språket og det faglege innhaldet i bøkene. Mine funn heller mot at den eldre læreboka formidlar buddhismen på ein vestleg måte og klarar i liten grad å gjenspegle buddhismen som finnes i buddhistiske land. Den nyare læreboka er meir nyansert og klarar i stor grad å presentere viktige moment i buddhismen. Dei største retningane kjem godt fram og det er også gitt plass til eit større mangfald, enn kva den eldre læreboka klarar. Eg konkluderer derfor med at den nyare læreboka er meir i tråd med læreplanens krav om objektiv, kritisk og pluralistisk undervisning, medan den eldre lettare kan danne misoppfatningar om buddhismen.

Innhold

Abstrakt	3
1.0 Innleiing	5
1.1 Aktualisering	5
2.0 Teori	7
2.1 Sosial konstruktivisme.....	7
2.2.1 Andregjering	8
2.2.2 Orientalisme	8
2.3 Representasjoner av buddhismen i Vesten	9
2.4 Læreplan og lærebøker i KRLE.....	9
3.0 Metode	11
4.0 Analyse, resultater og drøfting	13
4.1 Vi og dei (andregjering) og oreintalisering	14
4.2 Kristendommen som pilot	15
4.3. Retningar i buddhismen.....	17
4.4 Læreplanen	20
4.5 Mine misoppfatningar, kan dei stamme frå lærebøker?	22
5.0 Konklusjon/avslutting	23
Kjelde:	25

1.0 Innleiing

I denne oppgåva skal eg sjå på korleis ei lærebok frå læreplanen av 1997 og ei lærebok av 2006 framstiller buddhismen på ungdomstrinnet (8-10.trinn). Lærebøkene saman med dei ulike læreplanane kommer til å vere kjernen i oppgåvas empiri. Det eg ønsker å forske på er om det er synlege forskjellar på korleis dei ulike bøkene vel å snakke om religion på ungdomstrinnet og i mitt tilfelle buddhismen. Min hypotese, basert på egne erfaringar med eldre læreverk, er at den eldre læreboka ikkje framstiller buddhismen på en representativ måte, det kommer fram ein meir vestleg buddhisme. For å undersøke dette har eg valt å nytte meg av teoretiske perspektiv som kan vere med å belyse og tildes forklare min hypotese. Eg er interessert i dei store strukturane og ønskjer ikkje (pirke på overflata av hypotesen) berre å analysere bøkene og min hypotese, men ønsker å sjå på dei bakanforliggende årsakene. Derfor har eg nytta meg av sosialkonstruktivistisk teori sidan denne teorien er god til å belyse strukturer i samfunnet både på mikro, meso og makro-nivå.

Problemstilling:

Korleis presenterer lærebøker på ungdomstrinnet frå to ulike periodar L97 og LK06 buddhismen?

1.1 Aktualisering

Ein av bakgrunnane for at eg har valt å skrive om buddhismen er stadig nye aha opplevingar. Som religionsstudent på ILU har eg merka at mine forkunnskapar innan buddhismen ikkje var så gode som eg trudde, noko som igjen har ført til mange opplevingar der eg har kommet i kognitivdissonans. Det har vore brytning mellom kunnskap eg trudde var fakta til at eg har lært at dette ikkje stemte. Måten eg har prøvd å forklare denne dårlege forkunnskapen har vore gjennom å sjå tilbake på min tidlegare erfaring med buddhismen. Eg har stort sett berre møtt buddhismen på skulen, så eg mistenker at det er her problemet ligger, og det er hovudårsaken til at eg ønsker å utforske eldre læreverk med nyare.

For å eksemplifisere dette med dårlege forkunnskapar i buddhismen tar eg opp ei av mine verste opplevingar frå ei KRLE undervisningsøkt eg hadde første praksis på lærarstudiet.

I praksis hadde eg ein situasjon der eg viste ein episode om buddhismen som var på NRK, «på tro og Are». Eg var litt naiv og såg ikkje denne episoden før eg brukte den i timen, veldig dumt av meg ja. I episoden kom det fram mange ting eg ikkje trudde stemte heilt overeins med det eg trudde buddhismen var, eksempel på dette var blant anna synet på kvinner. Eg fekk litt panikk og prøvde i neste time å rette opp litt av det inntrykket elevane fekk av serien. Men når eg kom tilbake til universitetet og vi hadde eit semester om Buddhismen fant eg ut at mykje av det som kom fram i NRK-serien til min store overrasking stemte for deler av buddhismen. Vi hadde også ein ekskursjon til det same tempelet som ein munk blei intervjuet i serien. Der fekk eg same inntrykk som eg hadde fått frå serien. Så mange av mine idear om kva buddhismen var stemte ikkje. Det var ikkje ein religion utan gudar, det var ikkje fredens religion, men meir som alle andre religionar og den var ikkje meir likestilt enn andre religionar.

Så det eg i denne oppgåva skal prøve å finne ut av er kor mine idear om buddhismen kommer frå. Korleis er min kunnskap konstruert og kor kommer denne feilaktige kunnskapen frå? For å finne ut av dette skal eg sjå på eit gammalt læreverk og eit nyare frå ungdomstrinnet. Det er to ulike læreplanar og eg kjem også til å diskutere og snakke om tida omkring når desse er skrevet.

Så i denne oppgåva skal eg sjå på eldre lærebøker og samanlikne dei med nyare lærebøker.

Har det skjedd ein endring i korleis buddhismen framstillast?

Med bakgrunn i mine opplevingar har eg danna ein hypotese før eg starta prosessen med FOU oppgåva. Hypoteser er ofte brukt i forsknings samanheng for å kunne komme med nokon svar.

H: Buddhismen fremstilles i tidlige læreverk som «vestlig buddhisme».

2.0 Teori

Teori er brillene vi bruker til å analysere med. Teorien gir oss verktøy til å analysere og finne interessante perspektiver. Teorien eg har nytta meg av er sosial konstruktivistisk teori, andregjering, orientalisme, fagkunnskap om buddhismen og læreplanen for dei to ulike periodane.

2.1 Sosial konstruktivisme

Sosial konstruktivisme er eit veldig omfattande rammeverk for korleis ein kan fortolke verda. Korleis heng alt saman, kva er det som påverk samfunnet og korleis aktørar er det som er involvert. Sosial konstruktivisme handlar nettopp om at verda rundt oss og for fortolking er konstruert av samfunnet rundt oss. Dine tanker meiningar kjem av samfunnet. Denne teorien vil være det overordna rammeverket for oppgava og dei andre teoriene vil i stor grad ligge under paraplyen til sosial konstruktivismen.

«Den tunge virkeligheten hviler over oss menneskene i form av institusjonene: de var der før individet ble født og de er der etter dets død. Disse institusjonene kan heller ikke ønskes bort. Du kan godt hate og motarbeide religionen, men den forsvinner garantert ikke, like lite som skolevesenet eller skipsfarten. Men de tre nevnte institusjonene kan faktisk forandres – om en ikke så mye – av det enkelte menneske» (Berger og Luckmann, 2000).

Berger og Luckmann hevder med dette at mennesket styres av institusjonane om ein likar det eller ei. Så vår fortolkingsramme av ulike religionar ligger innan for den diskursen som ligger i vår kultur. I forhold til buddhismen vil vår fortolking være påverka av kristendommen, sidan denne har hatt eit monopol innan for religion i Norge, dette gir dei mykje makt i fortolkingsramma ovanfor andre religionar (Berger og Luckmann, 2000).

«De som sitter i avgjørende maktposisjoner er klare til å bruke sin makt for å tvinge de tradisjonelle virkelighetsdefinisjonene på befolkningen som er underlagt deres autoritet» (Berger og Luckmann, 2000).

Så kor kan ein finne denne påverkinga? Det kan manifestere seg i læreplanar og læreverk. Desse planene er igjen styrt av den politiskesferen, som igjen er påverka av kva som er definerande i samfunnet. For religionsfaget kjem dette tydeleg fram at faget blir påverka av politiske krefter. Berre med å gå igjennom fagets historie, ser ein at faget har hatt fleire namneskifte, frå KRL til RLE til KRLE. Det kjem også til syne gjennom eit stort fokus på at kristendommen skal ta stor plass i religionsfaget sidan det er kulturarv (NOU).

Berger og Luckmann viser også til at pluralisme er med på å skape undring og nyskaping. Pluralismen er med på å utfordre ulike sosiale monopol som finnes i samfunnet, så eit aukande pluralistisk samfunn er med på å utfordre dei etablerte maktstrukturane. Ideane og verkelegheita som vi tar forgitt at er som den er, blir utfordra og da har samfunnet og individet mulighet til å omstrukturere kva ein tenker. Dette kan vere med på å skifte samfunnsdiskursen. Med tanke på religion kan ein seie at kristendommen i Norge, er det etablerte monopolet for religion, som har blitt utfordra på grunn av auka globalisering. Dette har bidratt til endring i samfunnet og institusjonane. Den norske kyrke er bland anna ikkje lenger ein del av staten.

2.2.1 Andregjering

Andregjering er ein sosialt konstruktivt effekt, vi deler alle inn i grupper og tileignar ulike grupper ulike kvalitetar. Det kan også sjåast på som majoriteten som definerer/konstruerer kulturen og kva som skal vere referansen for resten av samfunnet. Andregjering brukast mest om personer som ikkje er del av majoriteten og der dei blir betrakta som annleis. For å skape eit bilete på det, er det ofte snakk om ein vi- og dei- haldning.

2.2.2 Orientalisme

Omgrepet orientalisme handla i utgangspunktet om vestens vitskapelege perspektiv på austen. Men omgrepet endra meining etter ei bok av Edward Seid. Omgrepet er mykje knytta til at den vestlege fortolkinga av den austlege verda, men den stemmer ikkje overeins med korleis den austlege verda sjølv opplever den (Fosshagen, 2019). Ofte når ein gjer forskning på grupper er det fort å generalisere resultatane. Dette fører til at ein i mindre grad ser mangfaldet i

den befolkninga. I og med at buddhismen er klart størst i Asia, og mangfaldet innan Asia og buddhismen er gigantisk, så er det ikkje mogleg å trekke generelle konklusjonar om ei så stor befolkning og det er ofte det som skjer med orientalisme. Det handlar enkelt og greitt om stereotypifisering av grupper noko som i det store bilete ofte svarer dårlig med den verkelege verda.

2.3 Representasjoner av buddhismen i Vesten

Får å kunne analysere lærebøkene må ein ha kunnskap og teori om kva buddhismen er, her tar eg utgangspunkt i boka «kva er buddhisme» av Torkel Brekke for å belyse temaet. Når det kjem til analyse av innholdet i dei ulike lærebøkene, kjem eg til å fokusere på det eg meiner er det viktigaste. Lærebøker har begrensa plass, så eg kjem til å sjå på kva dei viktigaste retningane er og delar av trusinnhaldet.

Innanfor buddhismen er det tre hovudretningar, Theravada, Mahayana og Vajrayana. Theravada ofte sett på som ein elite retting i form av at den mest sentrale aktøren er munkeordenen (ca 120 mil innan for denne retninga)(Brekke, 2014). Det sentrale i Theravada er vegen til nirvana. Mahayana er ein meir «folkeleg» retting og har fleire vegar til nirvana, denne retninga har ca. 420 millionar følgjarar. Vajrayana er den siste av dei store retningane, denne har sitt utspring frå Mahayana, dette er ein retting som har meir fokus på meditasjon og yoga, og derfor dei buddhistiske ideane som er mest utbreidd i vesten (Brekke, 2014).

«den amerikanske forskeren Donald Lopez skriver i boken «The Scientific Buddha» at ideen om Buddha som ein rasjonell vitenskapsmann har gjort vesten blind for buddhismens utrolige mangfoldighet og betydning i historien og nåtiden» (Brekke, 2014: 8).

Dette viser til representasjon av buddhismen i Vesten ofte har vore for einsida, det store mangfaldet har ikkje fått komme ordentleg til syne. Dette kan bidrar til misoppfatningar og eit feil bilete på buddhismen som ein heilheit, om det er mogleg danne eit heilheit bilete.

2.4 Læreplan og lærebøker i KRLE

Sidan eg skal ha ein lærebokanalyse av to bøker som er laga ut i frå to ulike læreplanar for ungdomsskulen er det viktig å ta med litt info om desse. Læreplanen legger mykje av

grunnlaget for korleis lærebøker er utforma, sidan skulen ønsker bøker som følger kompetansemåla. Den eineboka er frå L97 (læreplanverket for den 10-årige grunnskolen) og den andre er frå LK06 . Vektinga av dei ulike religionane er ulikt, noko som i mitt tilfelle utgjer store forskjellar på kor mykje det står om Buddhismen i dei to ulike bøkene. Så i min analyse bit kan ikkje/burde ikkje fokuset vere på mengda innhald, men heller på kvaliteten på innhaldet. L97 sitt fokus for opplæring etter 10 årstrinn er nokon annleis enn av LK06, noko som er viktig å ha i bakhovudet i analysen av lærebøkene. Igjen vil eg påpeike viktigheita av å analysere innhald og da spesielt med tanke på språkbruk sett i lys av dei teoretiske brillene eg skal bruke.

I Oddrun Bråtens artikkel i boka *Rle i klemme* om bruk av lærebøker i religionsfaget kommer det fram at mange lærarar bruker læreboka veldig aktivt (Bråten, 2014) . Det er nok eit argument for å nettopp å utforske lærebøker for å finne ut av kor min misoppfatning stammer frå. Med bakgrunn i det Oddrun skriv er det stort sannsyn for at det meste av kunnskap nordmenn har kommer frå læreboka. Det viser også at lærebøker og læreplanen kan ha stor definerande makt ovanfor den kunnskapen som dannast i samfunnet under eit.

Kompetansemål med innhald av buddhismen som er nemnt i L97 8-10 årstrinn:

- Ulike retninger innen hinduisme, buddhisme, muntlige og skriftlige overleveringer av Buddhas ord og tekster.
 - Nye religioner og religiøse bevegelser med bakgrunn i buddhisme, hinduisme, kristendom og islam.
- (L97)

Kompetansemål med innhald av buddhismen som er nemnt i Lk06 8-10 årstrinn (Udir):

- forklare særpreget ved buddhisme og buddhistisk tro som livstolkning i forhold til andre tradisjoner: likhetstrekk og grunnleggende forskjeller
- drøfte utvalgte tekster fra buddhistisk skriftradisjon
- innhente digital informasjon om og presentere aktuelle spørsmål som opptar mange buddhister

- gi en oversikt over mangfoldet i buddhismen, viktige historiske hendelser og buddhismens stilling i Norge og verden i dag
- beskrive og reflektere over særtrekk ved kunst, arkitektur og musikk knyttet til buddhismen

Det er vanvitig mange variablar for korleis kunnskapen i samfunnet brer om seg og bestemmer kva som blir ståande som det majoriteten i samfunnet trur på. Her er det store samfunnsstrukturar som er med å påverkar. Eg har dessverre ikkje tid og plass til å ta dette med i særleg stor grad på grunn av oppgåvas omfang. Det er eit perspektiv som er lurt å ha i bakhovudet når ein vidare lesar oppgåva.

3.0 Metode

Eg skal gjere ein samanlikning og analyse av ulike lærebøker som er brukt på ungdomstrinnet og dei er frå ulike tider i KRLE faget (KRL,RLE). Formålet er å undersøke om det er ulike representasjonar av Buddhismen, der eg vil sjå ekstra nærme på om vestens tradisjonelle syn på buddhismen får dominere, altså gjennom andregjering og orientalisme.

Eg har valt å samanlikne to ulike religionslærebøker frå to ulike periodar. Fokuset mitt undervegs i prosessen var å undersøke om det førekomer orientalisering av Buddhismen og om det i tilfelle er ein endring over tid. Er det ulikheitar mellom ei eldre lærebok og ei nyare, er det ein endring av framstillinga av buddhismen.

I mitt søk etter lærebøker undersøkte eg kva som var tilgjengeleg på Lysholm biblioteket. Eg hadde problem med å finne lærebøker som var laga for same årstrinn og når eg først gjorde det så var det ikkje noko informasjon om buddhismen i den. Eg fant «Under samme himmel for 9.trinn, men denne boka hadde ikkje innhald om buddhismen. Så valet blei boka «Under samme himmel for 8.trinn» (L97) og store spørsmål for 9 trinn (lk06). Dette kan sjåast på som ein metodisk svakheit, men i analysen kjem eg til å sjå på innhaldet til bøkene, og da ser eg på språk og val av fagstoff om buddhismen. Læringsmåla er også lagt til etter 10 trinn, så lærebøker kan ha ulik oppbygging uansett om den er laga for 8, 9 eller 10 trinn, eg har derfor sett det fornuftig å velje desse to bøkene. I teori biten over har eg også skrevet om dei ulike læreplanane bøkene er skrevet ut i frå. Det er veldig viktig for arbeidet med analysen av bøkene å nettopp ha innsikt i læreplanen dei er skrevet ut i frå. Det er læreplanen som vel kva

som er som er viktig, så i analysen må eg ha dette i bakhovudet. Men det er også interessant å sjå på tida læreplanane er danna, sidan kva som er viktig i læreplanen også reflekterer kva som er viktig i samfunnet sett under eit, men dette er ei oppgåve om lærebøkene.

Under samme himmel bok for 8 klasse. Er del av ein gammal læreplan (L97) og ei tid der faget heite KRL. Eg sjekka også ut bøkene for 9 og 10 trinn, 9 trinn var det ikkje stoff om buddhismen, medan det var litt på 10 trinn. Bøkene er publisert av Cappelen Damm. Boka er publisert i 1997, det tenker eg er av relevans. Boka er publisert rett etter læreplanen kom ut, dette er ikkje den andre boka av LK06. Kvifor eg meiner dette er av relevans handlar om at boka store spørsmål er publisert i 2016. Den boka vil ha hatt moglegheit til å justere seg i forhold til eventuelle tilbakemeldingar som er komme eller at samfunnsperspektivet har endra seg ein del på dei 10 åra mellom 2006 og 2016. Resultata mine kunne vore noko annleis om eg hadde tatt utgangspunkt i ei lærebok som var publisert i 2006.

For at analysen skal bli meir sikker, har eg undervegs valt å undersøke korleis innhald som er i bøkene for dei andre trinna både for den eldre lærebokserien og den nyare. Dette er for å få eit breiare perspektiv på innhaldet om buddhismen i dei ulike lærebokseriane. Når eg har oversikt over alt av innhald for ungdomstrinnet, kommer ein også unna feilkjelder. Ein feilkjelde kunne vore at bøkene er skrevet tematisk, så mykja av den informasjonen eg ønska å finne låg i boka for 10.trinn. Eller at kvar bok ikkje kan sjåast separat sidan dei er skrevet ut i frå felles mål for etter 10 trinn. Begge lærebokseriane hadde ein noko lik struktur, der ei av bøkene tok for seg ein del spesifikt om buddhismen, medan dei begge hadde ei bok der buddhismen ikkje var med, tilslutt hadde begge lærebokseriane med informasjon om buddhismen på 10.trinn, men med noko ulik oppbygging derfor valte eg å ta utgangspunkt bokenen frå 8.trinn og 9.trinn .

I analysen av dei to bøkene har eg sett mykje på språk og korleis dei to bøkene skriv om buddhismen. Er det brukt språk som kan tolkast som ein «vi og dei», altså andregjering av religionen. Eg har også sett ein del på korleis innhald om buddhismen dei har valt å ta med, den eldste boka har ikkje like stort spelerom som den nyaste med tanke på antall side, men ein får likevel ein peikepinn på korleis ein har valt å velje ut innhald og kva dei legger vekt på.

Andre ting eg også har sett på: Finner ein teikn til at kristendommen er ein pilot religion? Korleis vel dei å skrive om religion? Er fremminga av religionen objektiv, nøytral og pluralistisk? Til slutt vil eg legge ved at eg har eg nytta meg av ein kvantitativ innhaldsanalyse for å sjå kor mange ord som brukast for å forklare ulike retningar innan buddhismen. Dette fungerer som ein triangulering, altså fleirmetodisk analyse som er med på å styrke sikkerheita av funna mine.

Validitet handla enkelt sagt om gyldigheita av det vi prøver å finne svar på (Tjora, 2012). Mitt datamateriale i form av to lærebøker er lite, så det er ikkje mogleg å generalisere resultatane av undersøkinga, funna eg kan finne vil berre gjelde akkurat desse to lærebøkene. Eg kan ikkje generalisere mine funn over til andre lærebøker i same perioden, men eg hadde kanskje danna eit grunnlag til vidare forsking. Om ein finner spennande funn undervegs kan det vere interessant å forske meir på, men da med eit mykje større datamateriale for å kunne seie noko eksakt.

Reliabilitet handla om forskarens rolle som påliteleg i det arbeidet ein gjer. Det er umogleg å vere fullstendig nøytral, derfor er forskaren avhengig å vere oppmerksam på kva ein tar med seg av bagasje og vere open om å forandre denne forståinga (Repstad, 1993). Med tanke på innleiinga mi der eg har skreve aktualisering, så er eg veldig innstilt på at det må være noko i den eldre læreboka som har danna min misoppfatning omkring buddhismen. Dette kan vere eit farleg standpunkt å ha, ein vil dermed leite etter feil og kan fort gå i fella. Det eg meiner med det er at det er fort å finne materiale som støtter din sak, og med eit så lite datamateriale er det enkelt å påverke korleis retning oppgåva tar. Med det i bakhovudet er også denne metoddelen viktig for at nettopp ein anna forskar skal kunne gjennomføre den same forskinga som eg har gjort, og da kunne komme til dei same konklusjonane eg har komme til.

4.0 Analyse, resultater og drøfting

Analysen av lærebøkene leda til fleire interessante moment som det er formålstenleg å drøfte undervegs. Eg vel derfor å samskrive analyse, resultat og drøftingen i eit større kapittel her. Det eg har sett på er i kva grad og eventuelt korleis ulike retningar innanfor buddhismen framstillast. Resultata mine viser at det er stor forskjell mellom oppbygginga til lærebøkene

og stor variasjon i val av innhald. Eg har valt å kategorisere mine funn, så det blir ein betre oversikt over korleis moment eg ønsker å ta utgangspunkt i.

Mine kategoriar er:

- Vi og dei (andregjering)
- Kristendommen som pilot
- Retninger i buddhismen som kommer fram
- Val av innhald i forhold til læreplan
- Misoppfatningar i forhold til lærebøker

I drøftingsdelen av oppgåva skal eg ta for meg datamateriale i form av kva som står om buddhismen i dei to ulike lærebøkene. Eg vil drøfte innhaldet i forhold til teoriane eg har valt å bruke. Her skal eg også prøve å finne svar på problemstillinga mi.

4.1 Vi og dei (andregjering) og oreintalisering

Det førekjem lite om ingen direkte andregjering i den eldre læreboka «Under samme himmel». Boka snakkar ikkje om dei andre når dei omtalar buddhistar. Dei viser heller ikkje fram buddhistar gjennom eksplisitt orientalisme i den forstand at buddhismen framstillast som usivilisert, valdelege, lite utdanna, men det kjem likevel fram er ein vestleg forståeleg av kva buddhismen er for noko og det er den som får dominere. Det førekjem heller ingen bilete av merkelege seremoniar eller andre bilete som kunne framstilt buddhismen som usivilisert (Sjå vedlegg 1). Med vestleg forståing tenker eg spesielt på korleis innhald som er tatt med, derav lite fokus på den buddhismen som er dominerande i verden, men det kjem eg tilbake til seinare i drøftingen (sjå tabell 1). Her er også nokon eksempel på korleis religion er lagt fram på ein objektiv måte både for den buddhistiske religionen og for kristendommen.

«Buddhistene tror at det er mulig for alle mennesker å nå ein oppvåkning eller frigjøring av sinnet» (Waale og Wiik, 177).

«Buddhistene tror at Siddharta Gautama, Buddha, har vist veien for alle mennesker, slik at dei kan oppnå oppvakning» (Waale og Wiik, 177).

«Den norske kirke bygger på den evangelisk-lutherske lære» (Waale og Wiik, 65).

«Bibelen forteller at folk reagerte svært forskjellig på Jesus og fortellingene om ham» (Waale og Wiik, 73).

Her skriv boka frå eit typisk utanfrå perspektiv og legger fram religionen som objektiv.

Om ein skal gå meir til kjernen av problemet med den vestlege framstillinga må ein sjå på heile samfunnet som ein heilheit. Kvifor førekommer ein slik vinkling av buddhismen i ei religionsbok for ungdomstrinnet? Her er det vanvitig mange variablar og det er vanskeleg å kunne være veldig konkret og sikker i sin sak. Ut i frå teori om både sosialkonstruktivisme og framandgjering, handlar det ofte om mangel på kunnskap. Torkel Brekke skriver også dette i boka si «hva er buddhisme», at vi i vesten har lenge hatt eit veldig forenkla bilete på kva buddhismen er og mange tolkingar klarer ikkje å representere heile religionen som ein heilheit (Brekke, 2014: 8). Dette gjer det vanskeleg å skrive om buddhismen på ein måte buddhistar også kan kjenner seg igjen.

I boka «Store spørsmål» førekjem det heller ikkje orientalisme eller andregjering, men det førekjem ein elitistisk stereotypifisering av buddhismen gjennom bruken av bilete gjennom boka. Av bileta som er brukt av menneskjer er 13 av 16 bilete av munkar og nonne, her har eg valt å ikkje inkludere to bilete av turistar. Dette kan vere uheldig og være med å danne misoppfatningar, slik at elever får eit bilete på at alle buddhistar er nonner eller munkar. Eller at alle buddhistar går kledd slik som nonner og munkar.

Boka skriv elles på ein objektivt måte og har veldig like formuleringar når boka skriv om ulike religionar. Dette bidrar til at religionane opplevast som sidestilt.

Eks:

«Buddhistene tror universet består av fem typer verdener vi kan bli gjenfødt i» (Hove et al., 15).

«Kristne tror at Jesus ble sendt til jorda for å oprette en ny pakt» (Hove et al., 47).

4.2 Kristendommen som pilot

«Dei som er buddhister er først og fremst barn med buddhistiske foreldre. I tillegg kommer dei som går over til den buddhistiske lære. Du trenger ingen dåp av ein prest eller liknande om du vil bli ein buddhist» (Waale og Wiik, 73).

Pilotreligion kan ein også tenke som den religionen som herskar i det samfunnet ein er, i Norge er det naturleg at det er kristendommen, i Tyrkia vil den være islam og i Thailand er det buddhisme. Så i denne læreboka har ein samanlikna buddhismen med innhald i kristendommen gjennom at buddhismen i dette eksempelet ikkje får stå åleine som sitt eige unike fenomen, men blir samanlikna med kristendommen (piloten)(Andreassen, 2016: 129). Ein vil dermed møte buddhismen gjennom dei kristne augene ikkje gjennom dei augene buddhistane sjølv bruker. Dette er ikkje heilt heldig, men til forsvar for den eldre læreboka er det ikkje alltid lett å vere klar over sidan ein jo lever i eit samfunn og dermed har med seg den kulturen ein har rundt seg. Det er nesten 20 år mellom dei to lærebøkene så det har skjedd mykje i mellomtida, berre i løpet av den perioden har faget endra namn 3 gonger og Norge har eit større kulturelt og religiøst mangfald enn nokon gong.

I læreboka «Store spørsmål» som har utgangspunkt i LK06 og er skrevet i 2016 har ein meir nøytral tilnærming og forholder seg godt til det som står i om formålet med KRLE faget i LK06.

«Opplæringsloven legger til grunn at undervisningen skal være objektiv, kritisk og pluralistisk. Det innebærer at den skal være saklig og upartisk og at de ulike verdensreligioner og livssyn skal presenteres med respekt» (Udir).

Boka har som nevnt tidlegare mykje meir rom får til å skrive om buddhismen, så det kan vere ein årsak, men det generelle språket er meir nyansert og respekterer religionen i større grad. Det førekjem likevel eit snev av samanlikning gjennom omgrep som er brukt.

«Sammen med fem andre asketer sultet og pinte han seg for å styrke sjelens kontroll over kroppen» (Hove et al., 10).

«For buddhister flest er ikke Buddha en gud man skal tro på for å bli frelst, men et menneske som fant en vei til frelse» (Hove et al., 15).

Sjel og frelse er omgrep som stammar frå kristendommen og har ingen direkte meining i buddhismen. Buddhismen nytta seg av andre omgrep for sjel og frelse, desse er anatman og nirvana og dei kan ikkje direkte omsetjast slik boka har gjort, sidan dei ikkje betyr heilt det same. Så det er teikn på at det er ein vis påverking frå piloten (kristendommen) i den nye læreboka også, men det førekjem ikkje ein like direkte samanlikning, slik som i den eldre læreboka. Det som er positivt for den nye læreboka kan ein også sjå i det andre sitatet, der

boka skriv «for buddhister flest», dettpåe er med på å forklare og vise at det er fleire tolkingar innan religionene. Altså det er eit stort mangfald og dermed ingen fasit.

4.3. Retningar i buddhismen

Boka «Under samme himmel» frå 1997 startar med ein gjennomgang av theravada retninga, før den går vidare til mayhayana, tibetanske buddhisme og til slutt zenbuddhisme. Boka tar for seg at theravada er den eldste retninga (Waale og Wiik, 1997:179) og forklarar at ikkje alle kan oppnå oppvakning i det livet dei no lever. Når boka skriver om mayhayana viser dei til at det er den store vogna og at retninga legger vekt på at alle menneskjer kan følgje vegen til frigjering, oppvakning(Waale og Wiik, 1997:179). Men det skrivast mest om tibetanske buddhisme og zenbuddhisme sjølv om desse retningane ikkje er representativt for buddhismen i verden, men kanskje meir representativt for buddhismen i Norge, men da tenker eg mest på Zenbuddhismen (Brekke, 146). Som læreboka skriver: «Zen er en form for buddhisme som først og fremst er utbredt i Japan, Kina, Vietnam og Korea, men det er også stor interesse for zen i Europa og USA» (Waale og Wiik, 1997:179). Her er det også sentralt å ta med at mange med vietnamesisk bakgrunn held til zenbuddhismen og at vietnamesarar er den innvandrargruppa som har påverka buddhismen i Norge i størst grad (Brekke, 145).

Retning	Theravada	Mahayana	Tibetansk buddhisme	Zenbuddhismen
Ord	124	90	209	210

Tabell 1: Ord brukt i «Under samme himmel» for å forklare retninger i buddhismen. Egen framstilling.

Boka «Store Spørsmål» frå 2016 tar først for seg theravada buddhisme, så tar den for seg mahajana buddhisme og bodhisattvaer, og til slutt om zenbuddhismen. «En gren av mahajana er den såkalte zenbuddhismen» (Hove et al., 15). Boka viser altså til at det er ein samanheng mellom dei to ulike retningane, noko den eldre læreboka ikkje gjorde. Det er mest informasjon om mahajana i læreboka av 2016. Den er i stor grad representativt for buddhismen i verden, og til ein vis grad for buddhismen i Norge. Under er to tabellar ein eg har danna for å vise kor mykje boka skriv om dei ulike retningane og ein som står i boka.

Tabellen frå boka er ein fin illustrasjon, den viser ein samanlikning mellom teravada og mahajana.

Retning	Teravada	Mahajana	Zenbuddhisme
Ord	72	256	99

Tabell 2: Ord brukt i «store spørsmål» for å forklare retninger i buddhismen. Egen framstilling.

	TERAVADA	MAHAJANA
Betyr	«De eldstes lære»	«Den store vogn»
Antall	Ca. 100 mill.	Ca. 400 mill.
Land	Sør- og Sørøst-Asia Sri Lanka, Thailand, Myanmar, Laos og Kambodsja	Sentral- og Øst-Asia Kina, Korea, Japan og meste- parten av Vietnam. Dessuten Tibet, Mongolia og Bhutan
Kjennetegn	En mer tradisjonell form for buddhisme med vekt på klosterliv	En variert form for buddhisme som har tilpasset seg lokale forhold. Mange nye tekster og ny filosofi
Viktige retninger		Zenbuddhisme Rene lands buddhisme Tibetansk buddhisme

Bilde 1: Tabell 3 over teravada og mahajana, henta frå boka «Store Spørsmål» (Hove et al., 25).

4.3.1 Religionen som kommer til syne

I denne delen skal eg sjå på korleis religion som kommer til syne. Er det ein pluralistisk og levd religion som kjem til syne? Eller er det ein standarlisert religion som kjem fram eller viser den at religionen er mangfaldig og meir flytande.

Det første du blir møtt med når du blar opp på første side av læreboka av L97 er eit utdrag av boka «å være fred» av Thich Nhat Hanh (vedlegg 1)(Waale og Wiik, 1997: 176). Undersøker ein det litt nærmare er dette ein person har tilknytning til Zen bevegelsen og særlig spreinga av buddhismen i vesten. Denne mannen har dratt rundt i USA og verden for å spreie sitt budskap(buddhistforbundet). I boka kommer det ikkje fram korleis perspektiv denne

forfattere har og legger fram teksten som universell for kva alle buddhistar trur på. Dette gjer det dermed enda vanskelegare å kunne vise at buddhismen har eit stort mangfald og ikkje er eit konstant fenomen, men heller mange og flytande.

Søker ein opp og boka «å være fred» kommer buddhistforbundet opp og der har dei skrevet litt om han. Dei skriver blant anna at han er anerkjent som ein av dei viktigaste inspirasjonskjeldene til mindfulness-bevegelsen (Buddhistforbundet). Dette er igjen ein bevegelse som er veldig utbreidd i vesten og har vore med på å forma korleis majoriteten av folk i vesten tolkar buddhismen (Brekke, 2014). Men som eg har nemnd tidlegare er det også viktig å ta med at zenbuddhisme er stort i Vietnam og at det er mange buddhistar med vietnamesisk bakgrunn i Norge (Brekke, 2014). Det Brekke nemner i si bok er at vesten har valt å ta med seg dei ideane og konseptane som passer for seg og deira kultur, derfor kan ein argumentere for at den delen av buddhismen som ikkje har blitt kommunisert, har blitt underkommunisert.

«Gjennom meditasjon forsøker zenbuddhistene å åpne sinnet for en plutselig innsikt eller oppvåkning» (Hove et al., 181).

Det samme gjelder tibetansk buddhisme:

«I tibetansk buddhisme har de laget et eget sett metoder for å oppnå frigjøring» (Hove et al., 180).

Sjølv om boka har ein objektiv framlegging av Zenbuddhismen og tibetansk buddhisme bruker dei vesentleg fleire ord på desse retninga enn dei to største. Dette har igjen overtid vore med å skapt det kunnskapsgrunnlaget som er i samfunnet. Ca. 99% av alle buddhistar lever i Asia (Brekke, 2014:9), dette gir den eine prosenten som er i vesten veldig stor definisjonsmakt over korleis informasjon som spreier seg i samfunnet og få personar som kan jobbe mot de ideane som kommer fram eller utviklar seg. Derfor er det kanskje ikkje så rart at buddhismen som ein finner i vesten ikkje er så lik den som ein finner i Asia, der det igjen er eit stort mangfald. Men poenget mitt er at det er derfor enda meir problematisk å ta utgangspunkt i den buddhismen som finner sted i vesten når ein skal snakke generelt om buddhismen i ei lærebok.

Begge bøkene tar for seg og viser at det er mange ulike retningar innan for buddhismen. Dette ser eg på som positivt sidan det er med å vise eit bredt mangfald. Begge bøkene tar for seg

Theravada, Mahayana, og Zenbuddhismen. Men her har dei ulike bøkene prioritert litt ulikt. Den eldre læreboka av L97 har hovudfokus på tibetanske buddhismen og Zenbuddhisme og snakkar lite om dei to største retningane, nemleg Theravada og Mahayana. Det kjem heller ikkje tydeleg fram kva som skil dei ulike to ulike retningane i boka frå 8.trinn eller den frå 10.trinn. Det blir veldig vanskeleg å danne eit bilete av buddhismen gjennom desse lærebøkene. Det er mykje informasjon, men lite utdjuping. Dette bidrar til at ein ikkje klarer å fange dei sentrale elementa i religionen. Buddhismen ender opp med å vere eit stort rammeverk utan mangfald og utan at dei ulike nyansane kjem fram i syne. Dette svarer godt overeins med funn som vart gjort i ein NOU (Noregs offentlege utgreiingar). Dei peikar på at planen for KRL av L97 ikkje går i dybden, dette peikar dei på som ein klar svakheit (NOU, 2014).

Den nyare boka av LK06 gjer det motsett, den har størst fokus på den største retninga Mahayana og skriv boka relativt likt i omfang om zenbuddhismen og Teravada. Boka får forklart godt kva dei ulike retningane går ut på og kva som skil dei viser her til bilete ein tabell 3. Boka av LK06 har også med ein liten del om buddhismen i Norge, så boka får vist veldig mykje, både det generelle i form av læra og det spesielle i form av buddhismen i Norge. Her med intervju av ein jente frå Vietnam for eksempel:

«Hei, jeg heter Tu Uyen Le og er ein jente fra Vietnam. Jeg er 16 år og bor i Lørenskog. Familien min er buddhister, og religionen betyr veldig mye for meg. Den er med å påvirke hverdagen min, og den påvirker meg som person» (Hove et al., 38).

Her forklarer dei også litt om mangfaldet i Norge, at dei fleste buddhistar i Norge er tilflyttarar, men at det også er etnisk norske som er truande.

4.4 Læreplanen

I denne delen vil eg prøve å sjå nærmare på læreplanen i forhold til innholdet i dei to ulike lærebøkene. Læreplanen legger føringar for kva det skrivast om, så det er ein viktig føring for korleis lærebøkene blir sjåande ut. Lærebøkene er frå to ulike tidsperiodar, Under samme himmel 8.trinn kommer frå læreplanen av 1997 og Store spørsmål kjem frå læreplanen av 2006.

Læreplanen av L97 er litt meir detaljorientert, enn den av LK06

(<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/NOU-2014-7/id766593/?ch=7>). LK06 er måla satt til etter 10. trinn, medan L97 skriver meir detaljert kva som skal vere innhaldet for kvart år. For boka i «under same himmel, 8 trinn» så er kompetansemål knytta til buddhismen:

- «Ulike retninger innen buddhisme, skriftlige og muntlige overleveringer av Buddhas ord og tekster» (Nasjonalbiblioteket: 108).
- «Nye religioner og nye religiøse bevegelser med bakgrunn i buddhisme» (Nasjonalbiblioteket: 109).

Dette er utgangspunktet for lærebokforfattarane når dei skal skrive læreboka for 8.trinn. Så sjølv om eg har stilt meg kritisk til ein del av innhaldet, er det ikkje fritt fram for forfattarane å skrive om kva dei ønskjer. Ein kan likevel vere kritisk til innhaldet og korleis kunnskapen er lagt fram. Som sagt så der desse to kompetansemåla for 8.klasse pressa inn på 10 sider. Det er ikkje stort dei rekker å skrive, og som nemnd tidlegare så blir stoffet veldig overflatisk og vanskeleg å lære sidan ein ikkje går i dybden.

- forklare særpreget ved buddhisme og buddhistisk tro som livstolkning i forhold til andre tradisjonar: likhetstrekk og grunnleggende forskjeller
- drøfte utvalgte tekster fra buddhistisk skrifttradisjon
- innhente digital informasjon om og presentere aktuelle spørsmål som opptar mange buddhister
- gi en oversikt over mangfoldet i buddhismen, viktige historiske hendelser og buddhismens stilling i Norge og verden i dag
- beskrive og reflektere over særtrekk ved kunst, arkitektur og musikk knyttet til buddhismen

Dette er måla for etter 10 trinn. Det er mange mål og dei er relativt åpne mål. Her har læreren mykje rom i forhold til korleis ein ønsker å legge opp sin undervisning. Det gir også mykje rom til lærebokforfattarar som må tolke læremåla og ta med det stoffet dei meiner er sentralt i forhold til læringsmåla. Desse måla gir også ein større variasjon i kva som er viktig enn dei frå L97. Så med eit kjapt blick over læremåla kan ein anta og føresjå ein del av forskjellane i dei to lærebøkene.

Dette legger eit stort grunnlag for korleis ein kan analysere lærebøkene. Det er heilt tydeleg at ein ikkje kan analysere lærebøker utan å ta merknad til korleis læreplan dei er skreve ut i frå. Den har mykje å seie for både det kvantitative, altså innhald i antall sider, men også for korleis innhald som skal vere med, her er det også viktig å hugse at lærebokforfattarane tolkar læremåla og såleis bestemmer korleis vri dei tar. Det kan komme innhald som ikkje ser spesifisert i læreplanen, men det er deler som må med om skuler skal kjøpe lærebøkene. Lærebok forfattarane har likevel ein del rom for tolking av læremåla og tar her val det går an å diskutere.

4.5 Mine misoppfatningar, kan dei stamme frå lærebøker?

Så til det store spørsmålet, kan det tenkast at mine misoppfatningar kjem frå kva eg sjølv lærte på skulen. Lærebøker er ofte brukt slavisk i religionsfaget (Bråten, 2014), så læraren har mest sannsynleg funnet sitt stoff der. Eg fekk vite på ungdomsskulen at buddhismen var den einaste religionen som var utan gudar. Dette finner eg ikkje støtte for i læreboka av L97, men det står heller ikkje nemnd at det finnes gudar i buddhismen, men det står ingen plass eksplisitt at det ikkje finnes gudar i buddhismen. Men det kunne komme fram om du ser på vedleg 1 bilde 1, så er det eit bilete av det buddhistiske livshjulet. I dette livshjulet eksisterer gudanes verden. Så om det var slik denne læraren tolka læreverket eller om denne forståinga kjem frå ein annan plass er vanskeleg å vite. Uansett så var det ikkje før på universitetet eg fant ut at denne forhandskunnskapen ikkje stemde.

Så til det hypotetiske senarioet, korleis hadde min forkunnskap sett ut om eg hadde hatt den nye læreboka? Ein del som er sikker er at min forståing av at buddhismen er ein religion utan gudar, kunne vore førebygd sidan dei i den nyare læreboka av LK06 tar for seg dei ulike verdene ein kan gjenfødast i, og viser dermed til verda ein blir gjenfødd som guddom.

«De beste verdenene er de himmelske, der bor gudene» (Hove et al., 38).

Så i den nyare boka kjem det fram at det også finnes gudar i buddhismen. Deler av min forståing ville nok vore betre som med at det finnes gudar, men det er likevel eit typisk konflikt perspektiv som ikkje kommer med i den nye læreboka, det kan være dette er normal. Det har eg ingen empiri på, men det kunne vore spennande å sett meir på. For deler av buddhismen som vi i «vår kultur» ikkje ser positivt på, kommer ikkje så tydeleg fram. Det kan

ha sine naturlege grunner med tanke på at buddhismen er mangfaldig og dermed vanskeleg å danne eit konflikt perspektiv, sidan det kan variere frå retning til retning. Det kan jo også nemnes at den norske skulen i følgje Iversen underkommuniserer konflikt og vil dermed unngå den (Iversen, 2014). Så konflikt perspektivet kommer ikkje fram for buddhismen, men det gjer det ikkje for kristendommen heller, så det er for så vidt likt. Det er berre ein interessant observasjon, men også anerkjenning for at det er vanskeleg å snakke om konflikhtar og ting som er gjenstand for krasj mellom kultur og religion. Mitt eksempel her frå buddhismen kjem frå videoen til «På tro og Are» der to jenter som er buddhistar snakkar om at dei er «mindre verdt» sidan dei er kvinner og at mannen har vore betre i sitt forgje liv og der for er nærmare idealet dei streba mot.

5.0 Konklusjon/avslutting

I denne oppgåva undersøkte eg forskjellane mellom to ulike lærebøker frå to ulike tidsepokar, forholdsvis L97 og LK06. Det eg har funnet ut av er at det er stor forskjell på korleis både læreplanen ser ut og korleis lærebøkene skriv om buddhismen. Den eldre læreboka skriv lite om buddhismen og det dei skriv er lite nyansert og det førekommer ein form for vestleg tolking av buddhismen gjennom korleis retningar ein har fokus på og korleis informasjon dei legger trykk på. Den nye læreboka får i stor gard vist til dei store retningane og samtidig vist eit mangfald i religionen. Så den beskriver religionen betre enn den gamle. Det er også mykje som tyder på at det kan oppstå misoppfatningar og at desse kan stamme frå skulen. Dette på grunn av innhaldet i den eldre læreboka og med tanke på at lærarar brukar læreboka flittig. Her skal det også nemnast at den nyare læreboka boka kan bidra med misoppfatningar i forhold til bilete bruk, der munkar og nonner nesten er dei einaste bilete representasjonane av buddhistar.

Mine funn er veldig spennande og det kunne vore veldig interessant å jobba vidare med desse. Da ville eg gått meir inn på kvifor dette skjer eller analysert fleire bøker, for å sett ein enda tydlegare utvikling i faget og representasjonen av buddhismen. Heilt på slutten av drøftinga kjem eg også inn på eit område eg synest er veldig spennande, men også veldig utfordrande nettopp konfliktperspektiv i KRLE undervisning. Det kunne vore spennande å forska meir på korleis ein kan bruke konfliktperspektivet på ein god og enkel måte i skulen, om det er mulig.

Der det ultimate målet ville vore og gjort det enklare for både etablerte og nye lærerar å inkludere konfliktperspektiv i klasserommet.






Kjelde:

- Andreassen, B. O. (2016). *Religionsdidaktikk: en innføring*. Universitetsforlaget.
- Berger, P. L., & Luckmann, T. (2000). *Den samfunnsskapede virkelighet*. Fagbokforl..
- Brekke, T. (2014). *Hva er buddhisme*. Universitetsforlaget.
- Bråten, O. M. (2014). Bruk av lærebøker i RLE. I: K. Fuglseth (Red.), *RLE i klemme*, 173-197.
- Fosshagen, Kjetil. (2019). «Orientalisme». Henta frå <https://snl.no/orientalisme> den 09.04.2021.
- Hove, Olav. Jørgensen, Jørg Arne. Sandboe, Marit. (2016). *Store spørsmål, Kristendom Religion, Livssyn og Etikk*. Oslo: H. Aschehoug og Co.
- Iversen, L. L. (2014). Uenighetsfellesskap. *Dembra*.
- Kirke, utdannings-og forskningsdepartementet. (1997). Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen.
- NOU 2014: 7. (2014). *Elevenes læring i fremtidens skole— Et kunnskapsgrunnlag*.
Regjeringa: Kunnskapsdepartementet. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/NOU-2014-7/id766593/?ch=7> den 22.04.2021.
- Ringdal, Kristen. (2013). *Enhet og mangfold: samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Tjora, A. (2012). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Utdanningsdirektoratet. (2020). Læreplan i kristendom, religion, livssyn og etikk (RLE1-02). <https://www.udir.no/k106/RLE1-02/Hele/Kompetansemaal/etter-10.-arstrinn>.
- Utdanningsdirektoratet. (2020). Læreplan i kristendom, religion, livssyn og etikk (RLE1-02). <https://www.udir.no/k106/RLE1-02/Hele/Formaal>

Waale, Ragnhild Bakke. Wiik, Pål. (1997). *Under samme Himmel*. Oslo: J.W. Cappelens Forlag.

Wiki UIO. (2020). «Orientalisme». Henta frå <https://wiki.uio.no/hf/ifikk/norsk billedkunst/index.php/Orientalisme> den 22.04.2021.

Vedlegg 1: Bilete frå «Under samme himmel»



Vedlegg 2:

Lidelse er ikke nok

«Livet er fullt av lidelse, men det er også fylt med mange undre, som den blå himmelen, solskinnet, et barns øyne. Å lide er ikke nok. Vi må være i kontakt med livets undre. De er inne i oss og overalt rundt oss, alle steder, hele tida.

Hvis vi ikke er glade, hvis vi ikke er fredelige, kan vi ikke dele fred og glede med andre – selv ikke dem vi er glade i, de som lever under samme tak som oss. Hvis vi er fredelige, hvis vi er glade, kan vi smile og blomstre som en blomst. Alle i familien, hele samfunnet, vil vinne på vår fred.

Trenger vi anstrenge oss spesielt for å glede oss over den blå himmelen? Trenger vi øve for å kunne glede oss over den? Nei, vi bare gleder oss. Hvert sekund, hvert minutt av livet kan være slik. Hvor vi enn er, hele tida, har vi evnen til å glede oss over solskinnet, hverandres nærvær, selv følelsen av pusten vår. Vi trenger ikke reise til Kina for å glede oss over den blå himmelen. Vi trenger ikke reise inn i framtida for å ha glede av pusten. Vi kan være i kontakt med disse tingene akkurat nå. Det ville være synd om vi bare var våkne for lidelsen.»

Utdrag fra boka *Å være fred* av Thich Nhat Hanh

Bilete henta frå *Store spørsmål*, (Hove et al., 25).

Vedlegg 3: Sitat frå bøkene der kristendommen blir brukt som pilot.

Under samme himmel, 1997	Store spørsmål, 2016
«Dei som er buddhister er først og fremst barn med buddhistiske foreldre. I tillegg kommer dei som går over til den buddhistiske lære. Du trenger ingen dåp av ein prest eller liknande om du vil bli ein buddhist» (Waale og Wiik, 177).	«Sammen med fem andre asketer sultet og pinte han seg for å styrke <u>sjelens</u> kontroll over kroppen» (Hove et al., 10).
«De tre tilfluktene, eller det vi kan sammenlikne med trosbekjennelser i andre religioner» (Waale og Wiik, 177).	«For buddhister flest er ikke Buddha en gud man skal tro på for å bli <u>frelst</u> , men et menneske som fant en vei til <u>frelse</u> » (Hove et al., 15).

	<p>Sjel blir brukt 2 ganger gjennom kapittelet om buddhismen.</p> <p>Frelst eller frelse blir brukt 4 2 ganger gjennom kapittelet om buddhismen.</p>
--	--

500 sider valt pensum :

Orientalisme: 2

Læreplan i kristendom, religion, livssyn og etikk (RLE1-02): 10

Kvalitative forskningsmetoder i praksis: 30

Enhet og mangfold: samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode: 20

Elevenes læring i fremtidens skole— Et kunnskapsgrunnlag. Regjeringa: Kunnskapsdepartementet.: 10

Kirke, utdannings-og forskningsdepartementet. (1997). Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen: 10

RLE i klemme: 23

Hva er buddhisme: 150

Religionsdidaktikk: en innføring: 10

Den samfunnsskapte virkelighet 186

Podcast om orientalisme: 25 min

<https://open.spotify.com/episode/52SoeZLpuh75kRSP1GP7D3?si=lottF1C9RXqNttcN7gIYHQ>

Podcast om buddhisme (religionspodden): 32 min

https://open.spotify.com/episode/1Kg8wtmN4L5z5c3zPcK7uq?si=e3ZfjdGWR9y_Ws4G7GU
[Wiw](#)

Master oppgave (128 sider): Representasjoner av buddhisme og hinduisme buddhisme og hinduisme En diskursanalyse i postkolonialt perspektiv av lærebøker i religionsfaget for gymnas/videregående skole <https://bora.uib.no/bora-xmlui/bitstream/handle/1956/4603/51169411.pdf?sequence=1&isAllowed=y>